



Søndag kveld får vi sjå klatring i Ulvanåso på TVNorge

**Sist søndag fekk vi sjå mykje fin Kvinnheradsnatur i Norges tøffaste kjendis, den populære kjendisutgåva av suksesserien 71 grader nord. Då fekk vi blant anna følgja deltakarane på padletur på Møsevatn og brevandring på Folgefonna. I morgon, søndag, er det Uskedalsnaturen sin tur til å verta vist fram på TVNorge-skjermen.**

Det er ikkje berre konkurransemomentet som har gjort denne serien så populær blant TV-sjåarane. Det er kanskje i endå større grad alle dei flotte naturperlene som vert vist fram. Søndag er det altså den vakre naturen vår som skal gleda sjåarane. Heftig klatring i Ulvanåso har ein sentral plass i programmet som altså går på TVNorge i beste sendetid frå klokka 20 og utover. Sjølvstøtt vert det også konkurranse mellom deltakarane som i alle programma.

Vi kan lena oss stolt tilbake i godstolen når programleiar Tom Stiansen og deltakarane Hans Petter Buraas(alpint), Anders Jacobsen (hopp), Cathrine Larsåsen (stavhopp), Jonas Kinge Bergland (komikar), Erlend Elias (stylist), Thomas Ulsrud (curling) og Kristin Størmer Steira (langrenn/fridrett) viser den flotte naturen vi er omkransa av til det norske TV-publikumet.

Medan vi ventar på at klokka skal verta 20 søndag, kan vi kosa oss med [denne korte introduksjonsvideoen](#).

Tekst og nett: Thor Inge Døssland